

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	22/157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022
032/2022	Formannskapet	PS	29.11.2022

## Høyring ny selskapsstruktur i NGIR

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune oppmodar representantskapet og styret i NGIR å gjere vedtak i saka om organisering av NGIR IKS på bakgrunn av følgjande konklusjonar:

- Det opprettast eit AS, med ansvar for næringsavfall, organisert under NGIR IKS
- Utfordringar knytt til fordeling av felles kostnader mellom sjølvkostområde og næringsområde vert å løyse gjennom interne rutinar og internrekneskapen.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Representantskapsmøtet gjorde i sak 10/22, 13. juni 2022 følgjande vedtak:

*Representantskapet i NGIR vedtok i sitt møte 25.10.21 i sak 14/21 følgjande: «Styret legg i løpet av 2022 fram eit forslag til modell for ny selskapsorganisering av NGIR.»*

*Vedtaket vart gjort med bakgrunn i behovet for å leggja forholda til rette for NGIR når det gjeld framtidig regelverk for konkurranse på like vilkår. Samstundes vil ny organisering kunne leggja til rette for at NGIR framleis kan vera ein viktig samarbeidspart for næringslivet og kommunane i NGIR-området, og vera ein bidragsytar i utviklinga av den sirkulære økonomien i Noreg.*

*Det er utarbeid eit forslag til modell for ny selskapsorganisering av NGIR, som styret nå legg fram for representantskapet for innspel. Modellen er drøfta med dei tillitsvalte, som stilte seg positiv til modellen. Advokat Trine Lise Fromreide har gjort ei juridisk vurdering som fylgjer vedlagt. Denne konkluderer med at modellen er juridisk mogleg å innføra.*

*Styret handsama saka i april og gav sin tilslutnad til modellen som er foreslått og vedtok å leggja saka*

*fram for representantskapet for innspel.*

*Når alle innspel er handsama vil saka bli lagt fram for endeleg vedtak i styret i august og i representantskapet i oktober.*

Modalen kommune fekk saka oversendt i e-post, datert 14.06.22 med følgjande moglegheit: *Etter vedtak i NGIR sitt representantskap 13.06.22, sendast sak 10/22 til eigarkommunane for moglegheit til å koma med innspel til saka, innan 25. september 2022.*

Fristen er i seinare korrespondanse utvida til 31.12.22, med beskjed om endeleg handsaming i representantskapet våren 2023.

### **Vurdering**

Saka er godt belyst i oversendt utgreiing og av selskapets leing, i møte med regionrådet og kommunens leing. Rådmannen har ikkje innvendingar til organisering av næringsavfall i eige AS.

Vi ynskjer å gje merknad til organiseringa, i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette. Rådmannen meiner difor at drifta i selskapet ikkje forsvarer den omfattande endringa av organiseringa, og meiner fordeling mellom NGIR Næring AS og NGIR IKS, kan løysast i internrekneskapen.

Rådmannen meiner i tillegg at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra.

## **Formannskapet - 032/2022**

### **FOR - behandling:**

Grunna feil i møteportalen for politikarar og ikkje alle har fått handsama saka, ber formannskapet om at saka vert handsama i kommunestyret.

Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret utan innstilling

## **Kommunestyret - 050/2022**

### **KS - behandling:**

Rådmann orienterte nærare om bakgrunn for forslaget til vedtak og vurderingar gjort i interkommunale fora om dette.

Samrøystes vedteke

**KS - vedtak:**

Modalen kommune oppmodar representantskapet og styret i NGIR å gjere vedtak i saka om organisering av NGIR IKS på bakgrunn av følgjande konklusjonar:

- Det opprettast eit AS, med ansvar for næringsavfall, organisert under NGIR IKS
- Utfordringar knytt til fordeling av felles kostnader mellom sjølvkostområde og næringsområde vert å løyse gjennom interne rutinar og internrekneskapen.

**Vedlegg:**

Sak 10.22 Selskapsorganisering av NGIR

Høyring ny selskapsstruktur i NGIR - ny frist 31. desember 2022